



STRØ- OG BRØYTEINSTRUKS FOR VOSS HERAD 2024 – 2028

Vedtatt av heradsstyret 13.06.2024

Sesong

Sesongen regulerer kontraktar og beredskap. Strøing og brøyting vert normalt ikkje utført utanfor sesongen. Det er sett fylgjande sesongar for strøing og brøyting:

SESONG	Rodar lågare enn 200 moh	Rodar der heile eller delar er høgare enn 200 moh
BRØYTING	1.desember - 31. mars	1. november - 31. mars
STRØING	1. november - 31. mars	1. oktober - 31. mars

* ved påske i april gjeld sesongen til og med påske. Det vert ikkje utbetalt beredskap for tillegget.

Ved særlege tilfelle kan Voss herad beordre tenester utanom sesongen.

Brøyteinstruks

Det offentlege kommunale vegnettet skal normalt haldast rydda for snø på ein slik måte at normalt godt utrusta køyretøy og vinterskodde mjuke trafikantar kan ferdast sikkert.

Ved vanskelege vêrtilhøve, særleg ved skifte til mildvêr, kan det likevel førekomme vanskelege køyretilhøve og avvik. Førar av køyretøy er alltid ansvarleg for at køyretøy er skodde etter forholda.

Pri.	Vegtype	Skal vere gjennombrøyt innnan kl.	Start snøbrøyting ved	Gjennombrøyt innnan snødjupn
1	Samleveggar i sentrumsområdet, gater og busstrasear	06:30 (08:00 *)	10 cm	20 cm
2	Fortau, gang og sykkelveggar	07:00 (08:00*)	10 cm	20 cm
3	Øvrige samleveggar og tilkomstveggar	07:00 (08:00*)	10 cm	20 cm

* Tider i parentes gjeld alle heilagdaggar og sundagar jf kalenderen (alle raude dagar)

- Ved trong for prioritering skal vegklassane prioriterast frå øvst til nedst i tabellen. Elles skal alle vegane på roden gjennom brøytast etter den mest effektive ruta.
- Dersom berre delar av roden krev snøbrøyting etter instruksjonen, skal berre denne delen brøytast.
- Ved vêromslag til regn skal ein vurderer å avgrensa brøyteaktiviteten. Det skal ikkje utan avtale brøytast bort våt snø som avdekkar ein farleg snø/isssole som krev strøing straks etter.
- Ved melding om tungt/ langvarig snøfall kan ein vurderer å starta snøbrøyting før 10 cm.
- Snøbrøytinga skal elles skje i samråd med teknisk drift/vakt.
- Bommar på offentleg kommunalt vegnett skal stå opne i brøytesesongen.

Kontrollmåling av snødjupn

Snødjupn skal målast ved å legge ein 1,5 m lang rettholt vinkelrett på køyreretninga, kor som helst i køyrebana. Rettholten skal trykkast ned til vegdekket eller til fast snø-isssole.

Dersom snødjupna er større enn kravet langs meir enn halve rettholten skal det brøytast.

Strøinstruks

Det offentlege kommunale vegnettet skal normalt vere strødd i ei slik utstrekning at normalt godt utrusta køyretøy og mjuke trafikantar kan ferdast sikkert. Gode vinterdekk og vintersko/broddar vert rekna som normalt god utrusting. Ved vanskelege vêrtilhøve, særleg ved rimfrost og skifte til mildvêr, kan det likevel førekomme vanskelege køyretilhøve og avvik.

- Utkall til strøing skal avklarast med Teknisk drift/vakt
- Ved trong for prioritering skal bussveggar og skuleveggar prioriterast først, deretter fortau, sykkel og gangstiar før dei andre vegklassane.
- Det skal vanlegvis berre strøast inn til ein gong pr døger.
- Det skal vanlegvis strøast med knust strøsand innanfor fraksjon 2 - 8 mm.
- Det vert ikkje strødd med salt. Strøsand kan vere blanda i litt salt for å unngå frysing på lager.
- Ein skal vere tilbakehalden med strøing på rimfrost på asfalt då strøanden fort vert køyrd ut av hjulspora/ køyrebana.
- Strøing og snømoking av fortau i Voss sentrum vert regulert av politivedtektene for Voss kommune